



# Innst. S. nr. 51

(2005-2006)

## Innstilling til Stortinget fra forsvarskomiteen

St.prp. nr. 17 (2005-2006)

### Innstilling fra forsvarskomiteen om endringer i løyvingar o.a. i forsvarsbudsjettet for 2005

Til Stortinget

#### 1. SAMMENDRAG

##### 1.1 Formål

I denne proposisjonen legg Regjeringa fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2005. Siktemålet er å skape samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane og dei endringane i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2005 vart utarbeidd.

Gitt den komplekse samansetjinga av kapittel med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, kan såleis verte handsama samla og formalisert på rett måte.

Omgrupperingsproposisjonen formaliserer lønnskompensasjonen for 2005, innsparing i samla utgiftsramme, tilpassing av løyvinga i samsvar med endringar i føresetnadene og oppdatering og formalisering av tekniske endringar mellom kapitla. Totalt sett utgjær

omgrupperinga ein reduksjon i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 82,6 mill. kroner.

Proposisjonen sikrar vidare at endringane i budsjettføresetnadene også vert handsama i tråd med dei overordna omstillingsmåla Stortinget har lagt for utviklinga i forsvarssektoren. Justeringane i denne proposisjonen ivaretek dette slik at justeringane som her vert skiserte, tilrettelegg for ei vidare utvikling mot oppnåing av omstillingsmåla for perioden 2002-2005.

##### 1.2 Tilleggsløyvingar

###### *Kompensasjon for auka meirverdiavgift i Lufforsvaret*

På bakgrunn av innføring av meirverdiavgift på kjøp av tenester frå AVINOR, foreslår Regjeringa ei tilleggsløyving på 17,4 mill. kroner over forsvarsbudsjettet for å kompensere for auka utgifter for Luftforsvaret.

##### 1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

###### *1.3.1 Økonomisk grunnlag*

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2005, dei seinare endringane gjort av Stortinget, fullmakter gitt av Stortinget til Finansdepartementet som ikkje kjem fram som løyvingsendringar under dei einskilde departementa og midlar ført over frå 2004. Det er òg tatt omsyn til forsvarssektoren sin del av lønnskompensasjonen for 2005 (119,9 mill. kroner).

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2005, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedtatt budsjett 2005	30 388 943
Innsparing i departementa sine utgiftsrammer på 112,8 mill. kroner, fullmakt gitt av Stortinget til Finansdepartementet. Forsvarsdepartementet sin del utgjorde 29,574 mill. kroner, jf.	
Budsjett-innst. S. nr. 1 (2004-2005) .....	-29 574
St.prp. nr. 65 (2004-2005) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005 (RNB), jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005) .....	-560 000

St.prp. nr. 37 (2004-2005) Om endringer under enkelte kapitler på statsbudsjettet for 2005 under Utenriksdepartementet, Kultur- og kirke departementet, Justis- og politidepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Forsvarsdepartementet som følge av flodbølgekatastrofen i Sør-Asia, jf. Innst. S. nr. 157 (2004-2005) .....	11 100
St.prp. nr. 70 (2004-2005) Om endringer i Regulativ for tillegg o.a. til utskrivne vernepliktige mannskap og om endring i gradsnivå for militære embete ("soldatproposisjonen"), jf. Innst. S. nr. 274 (2004-2005) .....	6 750
Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005, jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005). Forsvarsdepartementet sin del utgjorde 20,211 mill. kroner ....	-20 211
Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet	119 931
= Faktisk løyving før omgruppering .....	29 916 939
Midlar ført over frå 2004 .....	287 630
Disponible midlar i 2005 før omgrupperinga .....	30 204 569

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida før omgruppering 2005 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedtatt budsjett 2005	969 602
= Løyvingar før omgruppering	969 602

### 1.3.2 Inntekter i 2005

I høve til vedtatt budsjett for 2005 er det ei mindreinntekt på 100 mill. kroner som er foreslått trekt frå utgiftssida.

Det vert vist til Forsvarsdepartementet si generelle meirinntektsfullmakt (jf. St.prp. nr. 1 (2004-2005), vedtak II Meirinntektsfullmakt). Det er forventa meirinntekter som skuldast tilsvarande utgift i 2005. Meirinntektene vil bli tatt omsyn til ved årets overføringsforslag til Finansdepartementet.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Reduksjon på utgiftssida grunna mindreinntekt trekt frå utgiftssida	-100 000
+ Tilleggsloyvingar	17 400
= Sum behov ved omgrupperinga	-82 600
+ Løyvingar før omgrupperinga	29 916 939
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	29 834 339
= Samla disponible midlar i 2005 etter omgrupperinga	30 121 969

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyvingar før omgrupperinga	969 602
Mindreinntekter	-100 000
= Løyvingar etter omgrupperinga	869 602

Departementet foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert redusert med 82,6 mill. kroner og at inntektsramma vert redusert med 100 mill. kroner.

### 1.3.3 Utgifter

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av mindreinntekter.

Tabell 1.5 Postfordeling utgifter (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreutg./ Meirutg.+
1	Driftsutgifter	99 628
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	-20 000
45	Store nyskaffingar	-291 000
47	Nye bygg og anlegg	170 800
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del	-100 000
50	Overføringar Statens Pensjonskasse	60 000
60	Tilskot til kommunar	-1 273
70	Renter låneordning	-755
	Sum	-82 600

### 1.3.4 *Inntekter*

Tabell 1.6 Postfordeling inntekter (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreinnt. -/ Meirinnt. +
1	Driftsinntekter	0
45	Store nyskaffingar	0
47	Sal av eigedom	0
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter	-100 000
90	Lån til bustadforemål	0
	Sum	- 100 000

## 2. HOVUDTREKK VED DEI STØRSTE UTGIFTS- OG INNTEKTSENDRINGANE PÅ POSTNIVÅ

### 2.1 Utgifter

Den totale utgiftsramma er redusert med 82,6 mill. kroner. Driftsbudsjettet er totalt foreslått auka med 137,6 mill. kroner, mens investeringsbudsjettet er foreslått redusert med 220,2 mill. kroner.

Nedanfor er dei største og viktigaste endringane forklart på post/kapitelnivå.

#### 2.1.1 *Post 1 Driftsutgifter*

Post 1 er foreslått auka med totalt 99,6 mill. kroner.

Post 1 er foreslått tilført 43 mill. kroner i samband med forsering av samarbeidet i Provincial Reconstruction Team (PRT) i Nord-Afghanistan, 60 mill. kroner i teknisk justering i samband med nye retningslinjer for kva som skal posterast på respektive drift og investering i samband med gjennomføring av investeringsprosjekt, 33 mill. kroner for å halde transportflyet C-130 i operativ stand, 10 mill. kroner til restaurering av KNM ALTA og 2,5 mill. kroner til Forsvarets musikk. Vidare foreslår Regjeringa at posten vert tilført 17,4 mill. kroner i tilleggsløyving grunna kompensasjon for auka meirverdiavgift i Luftforsvaret. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre postar som samla gir ein auke på 9,5 mill. kroner.

Omdisponeringane frå posten gjeld 60 mill. kroner til finansiering av utgifter over post 50 Statens Pensjonskasse og 15,8 mill. kroner for å ivareta tilpassing av dei gamle bygningane ved Fredriksvern verft i Stavern til bruk for justissektoren.

Elles er det gjort omdisponeringar mellom kapittel/postar basert på analysar og vurderingar, inkludert prognosar. Ein vesentleg del av endringane mellom kapitla skuldast tekniske justeringar for å oppnå ei reindyrking av kap. 1725 Fellesinstitusjonar og utgifter under Forsvarsstaben, for å reflektere dei nye fellesavdelingane som er oppretta og underlagt Forsvarsstaben og ny organisering av Forsvarsstaben.

Følgjande vesentlege endringar er gjort på dei ein-skilde kapitla:

#### KAP. 1719 FELLESENTGIFTER OG TILSKOT TIL FØRETAK UNDER FORSVARSDEPARTEMENTET

Kapitlet er foreslått redusert med 40,6 mill. kroner. Reduksjonen skuldast omdisponeringar frå kapitlet for

å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar, som å tilpasse bygningane ved Fredriksvern verft i Stavern til bruk for justissektoren (15,8 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein reduksjon på 24,8 mill. kroner.

#### KAP. 1720 FELLES LEIING OG KOMMANDOAPPARAT

Kapitlet vert foreslått redusert med 16 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak overføring av lønsmidlar i samband med vertslandsstøtte til NATO på Ørland (3 mill. kroner), finansiering av stillingar til regional støttefunksjon i Heimevernet (4 mill. kroner), og auka kostnader knytte til allierte treningsentra (32 mill. kroner).

Kapitlet vert foreslått tilført midlar i samband med naudsynt styrking av tenesta ved Joint Warfare Centre (JWC) (22 mill. kroner).

#### KAP. 1725 FELLESENTGIFTER OG -UTGIFTER UNDER FORSVARSSTABEN

Kapitlet er foreslått auka med 500,3 mill. kroner. Auka skuldast i hovudsak tekniske justeringar for å oppnå ei reindyrking av kapitlet for å reflektere dei nye fellesavdelingane som er oppretta og underlagt Forsvarsstaben og ny organisering av Forsvarsstaben.

Kapitlet er m.a. tilført 370 mill. kroner i samband med at ansvar for drift av Forsvarets kompetansesentra for logistikk og kommando-, kontroll- og informasjonssystem (FKL og FK KKS), er overført til kap. 1725 (jf. Innst. S. nr. 234 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 42 (2003-2004)), 22 mill. kroner er overført frå forsvarsgreinene til Forsvarets sanitet til sentral drift av tannlegenester, 56 mill. kroner i samband med at kapitlet overtar kostnader for elevar på hovudstudiet ved Forsvarets skolesenter og 5 mill. kroner i samband med flytting av midlar til drift av Forsvarets arkivadministrasjon. 123 mill. kroner er tilført frå andre kapittel i samband med finansiering av auka ammunisjons- og drivstofflager (dette ved gevinstrealisering grunna pålagt reduksjon av administrative utgifter på dei andre kapitla), 89 mill. kroner i samband med sentralisering av IT-driftskostnader og 45 mill. kroner i samband med sentralisering av rabatterte vernepliktsreiser. Det er òg gjort tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein auke på 5 mill. kroner.

Omdisponeringane frå posten gjeld finansiering av stillingar ført over til kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (24 mill. kroner), 22 mill. kroner er over-

ført til kap. 1720 grunna meirbehov ved Joint Warfare Centre (JWC) og 5 mill. kroner er overført til kap. 1795 grunna meirbehov i samband med musikk og museumsverksemd. 11 mill. kroner er overført til kap. 1790 Kystvakta grunna høgare drivstoffutgifter enn forventet, 93 mill. kroner er overført kap. 1740 grunna meirbehov i samband med sikring av ammunisjon og våpenlager og 60 mill. kroner er omdisponert i samband med finansieringa av meirutgifter til Statens Pensjonskasse.

#### KAP. 1731 HÆREN

Kapitlet er foreslått redusert med 468,6 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar til kap. 1725 for å reindyrke kapitlet og for å reflektere dei nye fellesavdelingane som er oppretta og underlagt Forsvarsstaben og ny organisering av Forsvarsstaben.

Kapitlet er m.a. redusert i samband med oppretting av Forsvarets kompetansesentra (FKL og FK KKIS) (335 mill. kroner), drift av tannlegetenestene som er overført til Forsvarets sanitet (11 mill. kroner), kostnader for elevar på hovudstudiet ved Forsvarets skolesenter (23 mill. kroner), oppretting av Forsvarets arkivadministrasjon (1 mill. kroner) og at Forsvarets sanitet overtar ansvaret for Ridderrennet (1,5 mill. kroner). Vidare er kapitlet redusert med 47 mill. kroner i samband med sentralisering av IT-driftskostnader, 24 mill. kroner i samband med sentralisering av rabatterte vernepliktsreiser, 24 mill. kroner grunna reduksjon av administrative utgifter og 23 mill. kroner i samband med finansiering av stillingar overtatt av kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein reduksjon på 4 mill. kroner.

Kapitlet er tilført midlar i samband med finansiering av stillingar til regional støttefunksjon (25 mill. kroner).

#### KAP. 1732 SJØFORSVARET

Kapitlet er foreslått redusert med 77,9 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar til kap. 1725 for å reindyrke kapitlet og å reflektere dei nye fellesavdelingane som er oppretta og underlagt Forsvarsstaben og ny organisering av Forsvarsstaben. Kapitlet er m.a. redusert i samband med oppretting av Forsvarets kompetansesentra (FKL og FK KKIS) (19 mill. kroner), drift av tannlegetenestene som er overført til Forsvarets sanitet (6 mill. kroner), kostnader for elevar på hovudstudiet ved Forsvarets skolesenter (16 mill. kroner), og oppretting av Forsvarets arkivadministrasjon (3 mill. kroner). Vidare er kapitlet redusert med 3 mill. kroner i samband med sentralisering av IT-driftskostnader, 11 mill. kroner i samband med sentralisering av rabatterte vernepliktsreiser og 20 mill. kroner grunna reduksjon av administrative utgifter.

#### KAP. 1733 LUFTFORSVARET

Kapitlet er foreslått redusert med 70,7 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar til kap. 1725 for å reindyrke kapitlet for å reflektere dei nye fellesavdelingane som er oppretta og underlagt Forsvarsstaben og ny organisering av Forsvarsstaben.

Kapitlet er m.a. redusert vedrørende oppretting av Forsvarets kompetansesentra (FKL og FK KKIS) (15 mill. kroner), drift av tannlegetenestene som er overført til Forsvarets sanitet (4 mill. kroner), kostnader for elevar på hovudstudiet ved Forsvarets skolesenter (16 mill. kroner) og oppretting av Forsvarets arkivadministrasjon (1 mill. kroner). Vidare er kapitlet redusert med 22 mill. kroner i samband med sentralisering av IT-driftskostnader, 9 mill. kroner i samband med sentralisering av rabatterte vernepliktsreiser, 27 mill. kroner grunna reduksjon av administrative utgifter og 13 mill. kroner i samband med finansiering av stillingar til regional støttefunksjon på andre kap.. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein reduksjon på 14 mill. kroner.

Kapitlet er tilført 33 mill. kroner i samband med naudsynt vedlikehald av transportflyet C-130 for å halde det i operativ stand og 17,4 mill. kroner grunna innføring av meirverdiavgift på tenester frå AVINOR.

#### KAP. 1734 HEIMEVERNET

Kapitlet er foreslått redusert med 35,2 mill. kroner. Reduksjonen skuldast tekniske flyttingar til kap. 1725 for å reindyrke kapitlet for å reflektere dei nye fellesavdelingane som er oppretta og underlagt Forsvarsstaben og ny organisering av Forsvarsstaben.

Kapitlet er m.a. redusert i samband med oppretting av Forsvarets kompetansesentra (FKL og FK KKIS) (0,8 mill. kroner), drift av tannlegetenestene som er overført til Forsvarets sanitet (1,5 mill. kroner) og oppretting av Forsvarets arkivadministrasjon (0,5 mill. kroner). Vidare er kapitlet redusert i samband med reduksjon av administrative kostnader (6 mill. kroner) og med 1,4 mill. kroner i samband med sentralisering av rabatterte vernepliktsreiser. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein reduksjon på 25 mill. kroner.

#### KAP. 1740 FORSVARETS LOGISTIKKORGANISASJON

Kapitlet er foreslått auka med 182 mill. kroner. Auken skuldast finansiering av stillingar overtatt av Forsvarets logistikkorganisasjon (24 mill. kroner), auka kostnader i hovudsak knytt til allierte treningssentra (45 mill. kroner) og meirbehov i samband med sikring av ammunisjon og våpenlager (93 mill. kroner). Vidare er kapitlet tilført midlar i samband med teknisk justering etter tidlegare omorganiseringar mellom Forsvarets logistikkorganisasjon og kompetansesentra (24 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein auke på 50 mill. kroner.

Omdisponeringane frå kapitlet gjeld i hovudsak reduksjon av administrative kostnader (37 mill. kroner) og sentralisering av IT-driftskostnader (17 mill. kroner).

#### KAP. 1760 NYSKAFFING AV MATERIELL OG NYE BYGG OG ANLEGG

Kapitlet er foreslått auka med 60 mill. kroner som skuldast eit meirbehov grunna justerte retningslinjer for budsjettering og rekneskapsføring mellom postane 45 og 1 på kap. 1760.

**KAP. 1790 KYSTVAKTA**

Kapitlet er foreslått auka med 4 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak høgare drivstoffutgifter (11 mill. kroner) og høgare leigekostnader for KV Harstad (2 mill. kroner) enn budsjettert. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein reduksjon på 9 mill. kroner.

**KAP. 1791 REDNINGSHELIKOPTERTENESTA**

Kapitlet er foreslått auka med 3,5 mill. kroner som skuldast høgare driftskostnader enn budsjettert.

**KAP. 1792 NORSKE STYRKAR I UTLANDET**

Kapitlet er foreslått auka med 46,7 mill. kroner som i hovudsak gjeld forsering av samarbeidet i Provincial Reconstruction Team (PRT) i Nord-Afghanistan for å søkje å styre unna klimatiske problem (43 mill. kroner). Utgiftene var opprinneleg planlagde for 2006. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein auke på 4 mill. kroner.

**KAP. 1795 KULTURELLE OG ALLMENNUTTIGE FORMÅL**

Kapitlet er foreslått auka med 11,5 mill. kroner. Auken skuldast eit meirbehov i samband med restaurering av KNM ALTA (10 mill. kroner) og styrking av Forsvarets musikk (7,5 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kap. som samla gir ein auke på 6 mill. kroner.

**2.1.2 Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet**

Posten er foreslått redusert med 20 mill. kroner. Løyvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet som er foreslått nytta til å dekkje ymse meirbehov på andre kap. og postar, mellom anna midlar til restaurering av KNM ALTA og styrking av Forsvarets musikk (jf. endringane i post 1).

**2.1.3 Post 45 Store nyskaffingar**

Posten er foreslått redusert med 291 mill. kroner. Reduksjonen gjeld m.a. 43 mill. kroner til kap. 1792 i samband med forsering av samarbeidet i Provincial Reconstruction Team (PRT) i Nord-Afghanistan. Utgiftene var opprinneleg planlagde for 2006, og beløpet vil såleis bli søkt omgruppert tilbake til post 45 hausten 2006. Vidare skuldast 60 mill. kroner tekniske justeringar grunna justerte retningslinjer for kva som skal posterast på høvesvis drift og investering og 33 mill. kroner til vedlikehald av transportflyet C-130 for å halde det i operativ stand. Regjeringa foreslår vidare å overføre 155 mill. kroner til investeringar i eigedomar, bygg og anlegg (EBA) (kap. 1710, post 47). Bakgrunnen er eit behov for best mogeleg å periodisere investeringsporteføljene på høvesvis materiell- og eigedoms- og bygg- og anleggssida (EBA). Periodiseringa er planlagd å bli utlikna i løpet av 2006 og 2007. Beløpet vil bli nytta på EBA-investeringsområdet til omstillingskritiske investeringsprosjekt, driftseffektiverande tiltak og fornying av nedslite og lite tidsmessig EBA.

**2.1.4 Post 47 Nye bygg og anlegg**

Posten er foreslått auka med 170,8 mill. kroner. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til investeringar i eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med 155 mill. kroner i 2005. Bakgrunnen er eit behov for best mogeleg å periodisere investeringsporteføljene på høvesvis materiell- og eigedoms- og bygg- og anleggssida (EBA). Periodiseringa er planlagd å bli utlikna i løpet av 2006 og 2007. Beløpet vil bli nytta på EBA-investeringsområdet til omstillingskritiske investeringsprosjekt, driftseffektiverande tiltak og fornying av nedslite og lite tidsmessig EBA.

Vidare skuldast auken tilpassing av dei gamle bygningane ved Fredriksvern verft i Stavern til bruk for justissektoren (15,8 mill. kroner).

**2.1.5 Post 50 Overføring til Statens Pensjonskasse**

Posten er foreslått auka med 60 mill. kroner i samband med finansieringa av meirutgifter til Statens Pensjonskasse.

**2.1.6 Post 60 Overføring til kommunar**

Posten er foreslått redusert med 1,3 mill. kroner i samband med eit mindrebehov på posten.

**2.1.7 Post 70 Renter låneordning**

Posten er foreslått redusert med 0,8 mill. kroner i samband med eit mindrebehov for rentestønad til Befalingslåneordning.

**2.2 Inntekter**

Det er registrert mindreinntekter på 100 mill. kroner.

**2.2.1 Post 1 Driftsinntekter**

Endringar på posten er av teknisk karakter, og endrar ikkje det totale inntektsnivået. Følgjande vesentlege endringar er gjort på dei einskilde kapitla:

**KAP. 4720 FELLES LEIING OG KOMMANDOAPPARAT**

Kapitlet er auka med 0,4 mill. kroner. Auken skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

**KAP. 4725 FELLESINSTITUSJONAR OG UTGIFTER UNDER FORSVARSSTABEN**

Kapitlet er redusert med 26,8 mill. kroner. Reduksjonen skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

**KAP. 4731 HÆREN**

Kapitlet er redusert med 5,4 mill. kroner. Reduksjonen skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

**KAP. 4732 SJØFORSVARET**

Kapitlet er redusert med 1,5 mill. kroner. Reduksjonen skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

**KAP. 4733 LUFTFORSVARET**

Kapitlet er redusert med 0,7 mill. kroner. Reduksjonen skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

**KAP. 4740 FORSVARETS LOGISTIKKORGANISASJON**

Kapitlet er auka med 34 mill. kroner. Auken skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

**2.2.2 Post 48 Fellesfinansierte bygg- og anleggsinntekter**

Posten er foreslått redusert med 100 mill. kroner. Dette skuldast lågare framdrift i NATO-prosjekta enn det ein la til grunn ved utarbeidinga av 2005-budsjettet. Reduksjonen vert dekt gjennom nedtrekk på kap. 1760, post 48.

**3. BESTILLINGSFULLMAKTER**

Regjeringa foreslår å endre bestillingsfullmaktene slik at Forsvarsdepartementet i 2005 kan gjere bestillingar utover dei gitte løyvingane. Den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter	1 545 mill. kroner
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter	50 mill. kroner
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter	5 mill. kroner

**4. KOMITEENS MERKNADER**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bendiks H. Arnesen, Thorbjørn Jagland og Signe Øye, fra Fremskrittspartiet, Per Roar Bredvold, Henning Skumsvoll og Per Ove Width, fra Høyre, lederen Jan Petersen, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bjørn Jacobsen, er enig i at omgrupperingsproposisjonen er et nødvendig verktøy i økonomiforvaltningen. Komiteen har merket seg at departementet legger vekt på at dette vil gi muligheter

for en samlet og riktig formalisering av endrede forutsetninger.

Komiteen vil imidlertid peke på at viktige endringer i budsjettforutsetningene må forelegges på et tidspunkt hvor konsekvensene er styrbare.

Komiteen har merket seg at budsjettendringene er omfattende, men at mange er av teknisk art.

Komiteen viser til vedlagt brev fra statsråden datert 12. desember 2005. I brevet vises det til en trykkfeil i tabellen over bestillingsfullmakter for kap. 1733 Luftforsvaret, på side 7 og 11 i St.prp. nr. 17 (2005-2006). Rettelsene er utført i denne innstillingen.

**5. KOMITEENS TILRÅDING**

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overføres</i> , vert auka med ..... frå kr 1 224 000 000 til kr 1 394 800 000	170 800 000
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 382 743 000 til kr 342 149 000	40 594 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, vert redusert med ..... frå kr 20 000 000 til kr 0	20 000 000
1720		Felles leing og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 1 261 317 000 til kr 1 245 257 000	16 060 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 2 634 951 000 til kr 3 135 288 000	<u>500 337 000</u>
	50	Overføringar til statsinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert auka med .... frå kr 130 871 000 til kr 190 871 000	<u>60 000 000</u>
	70	Renter låneordning, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 8 127 000 til kr 7 372 000	<u>755 000</u>
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 3 820 944 000 til kr 3 352 384 000	<u>468 560 000</u>
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 2 872 381 000 til kr 2 794 515 000	<u>77 866 000</u>
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 3 650 968 000 til kr 3 580 282 000	<u>70 686 000</u>
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 1 106 032 000 til kr 1 070 811 000	<u>35 221 000</u>
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 1 469 332 000 til kr 1 651 877 000	<u>182 545 000</u>
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , vert auka med ..... frå kr 821 922 000 til kr 881 922 000	<u>60 000 000</u>
	45	Større utstyrscaffingar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 7 354 789 000 til kr 7 063 789 000	<u>291 000 000</u>
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 181 828 000 til kr 81 828 000	<u>100 000 000</u>
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 743 032 000 til kr 747 048 000	<u>4 016 000</u>
1791		Redningstenesta	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 34 021 000 til kr 37 521 000	<u>3 500 000</u>
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 795 197 000 til kr 841 927 000	<u>46 730 000</u>
1795		Kulturelle og allmennyttige formål	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 155 643 000 til kr 167 130 000	<u>11 487 000</u>
	60	Tilskott til kommunar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 39 500 000 til kr 38 227 000	<u>1 273 000</u>
Inntekter			
4720		Felles leing og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 32 464 000 til kr 32 864 000	<u>400 000</u>
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 87 701 000 til kr 60 830 000	<u>26 871 000</u>

Kap.	Post	Formål	Kroner
4731		Hæren	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 40 792 000 til kr 35 383 000	<u>5 409 000</u>
4732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 16 215 000 til kr 14 727 000	<u>1 488 000</u>
4733		Luftforsvaret	
	1	Driftsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 56 161 000 til kr 55 461 000	<u>700 000</u>
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 117 082 000 til kr 151 150 000	<u>34 068 000</u>
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter, vert redusert med ... frå kr 204 340 000 til kr 104 340 000	<u>100 000 000</u>

## II

*Bestillingsfullmakter*

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2005 kan gjere bestillingar utover dei gitte løyvingane. Den samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter .....	1545 mill. kroner
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter .....	50 mill. kroner
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter .....	5 mill. kroner

Oslo, i forsvarskomiteen, den 12. desember 2005

**Jan Petersen**  
leder og ordfører



**Vedlegg 1****Brev fra Forsvarsdepartementet v/statsråden til forsvarskomiteen, datert 12. desember 2005****ST.PRP. NR. 17 (2005-2006) - KORRIGERING**

Det vises til St.prp. nr. 17 (2005-2006) om endringer i løyvingar o.a. i forsvarsbudsjettet for 2005. Det er en trykkfeil i tabellen over bestillingsfullmakter på side 7 og 11. Feilen gjelder bestillingsfullmaktene til kap. 1733 Luftforsvaret. Riktig tall er gjengitt i tabellen under:

Kap.	Post	Samla ramme
1733	Luftforsvaret	
	01 Driftsutgifter	1 545 mill. kroner
1734	Heimevernet	
	01 Driftsutgifter	50 mill. kroner
1792	Norske styrkar i utlandet	
	01 Driftsutgifter	5 mill. kroner





